



Arkivnr: 2014/13889-105

Saksbehandlar: Bente Utne

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.04.2018

**Trafikksikring i vidaregåande skule - videreføring av #ErDuSikker?****Samandrag**

Ungdom er ei viktig målgruppe for trafikksikringsarbeidet både nasjonalt og lokalt. Trass i at talet på drepne og hardt skadde i alderen 15-24 år har ei tydeleg fallande kurve (1990-2017), er ungdom og trafikk eit svært viktig fokusområde. Som stor skuleeigar er fylkeskommunen i ein spesiell posisjon til å setje trafikksikring på dagsorden for denne aldersgruppa, noko som også er presisert i ny *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet for perioden 2018-2021*. Både lokalt og regionalt vert det gjort ein del trafikksikringsarbeid i regi av fylkeskommunen, Trygg Trafikk, Politiet og Statens vegvesen og andre aktørar der ungdom er målgruppa. Dette arbeidet må støttast oppunder og halde fram, samstundes som også andre typar verkemiddel bør takast i bruk for å nå målgruppa.

Eksempel på gjennomførte tiltak er kampanjefilmsnutten som Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk laga hausten 2016, russetiltaka og kampanjen #ErDuSikker? Prosjektet #ErDuSikker? har ein noko annan innfallsinkel enn ein del andre tiltak og får elevane til sjølve å ta del i prosjektarbeidet, og vidare vert det eit engasjement over eit lengre tidsrom.

Det syner seg også at #ErDuSikker? har nokre positive effektar målt av TØI. Generelt er det vanskeleg å dokumentere effektar for opplæringstiltak, så dette underbyggjer at #ErDuSikker? kan vere eit godt tiltak for målgruppa. I 2017 deltok tre skular i tillegg til ein testskule.

Det er uvisst kor mange skular det er realistisk å få med i 2018, men det ikkje er store kostnadsforskjellar på om få eller mange skular deltek. Dermed vil fylkesrådmannen tilrå å invitere alle fylkeskommunen sine vidaregåande skular i Hordaland med, og ta inn dei skulane som melder seg.

**Økonomi:** Mindre kostnader som blir dekka innafor budsjettet til Fylkestrafikksikringsutvalet

**Klima:** Minimal eller ingen verknad

**Folkehelse:** Trafikksikringsarbeid bidreg til betre folkehelse

**Regional planstrategi:** Ingen verknad

**Forslag til vedtak**

1. Fylkestrafikksikringsutvalet ber om at kampanjeprosjektet #ErDuSikker? vert vidareført i Hordaland hausten 2018
2. Alle Hordaland fylkeskommune sine vidaregåande skular vert invitert til å delta «ErDuSikker? I 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.04.2018

### Bakgrunn

Ungdom er ei viktig målgruppe for trafikksikringsarbeidet både nasjonalt og lokalt. Trass i at talet på drepne og hardt skadde i alderen 15-24 år har ei tydeleg fallande kurve (1990-2017), er ungdom og trafikk eit svært viktig fokusområde. Som stor skuleeigar er fylkeskommunen i ein spesiell posisjon til å setje trafikksikring på dagsorden for denne aldersgruppa. Både lokalt og regionalt vert det gjennomført trafikksikringsarbeid i regi av fylkeskommunen, Trygg Trafikk, Politiet og Statens vegvesen og andre aktørar der ungdom er målgruppa. Dette arbeidet må støttast oppunder og halde fram, samstundes som også andre typar verkemiddel bør takast i bruk for å nå målgruppa.

Eksempel på tiltak gjennomført er kampanjefilmsnutten som Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) laga hausten 2016, og russetiltaka. FTU handsama sak om «Trafikktryggleik i den vidaregåande skule - Er du sikker?» på møte 30. november 2016. Det blei gjort følgjande vedtak:

*«Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) ber om at kampanjeprosjektet #ErDuSikker? vert gjennomført i Hordaland hausten 2017, under føresetnad av at fylkesrådmannen sørger for deltaking frå 2-3 skular i 2017.»*

I 2017 var Langhaugen vidaregående skole, Kvam vidaregående skule og Tertnes vidaregående skole med i konkurransen. I tillegg var Bømlo vidaregående skule med som kontrollgruppe i samband med TØI-evalueringa.

### Prosjektet #ErDuSikker?

#ErDuSikker? er ein konkurranse mellom vidaregåande skular i heile landet. Skulane konkurrerer om å samle flest mogleg poeng ved å løyse oppgåver med trafikksikring som tema. Kampanjen er støtta av Gjensidige Forsikring, og rettar seg mot vidaregåande elevar, og finn stad om hausten. Dette inneber at kampanjen når elevar som er i gang med å ta førarkortet, og i ein periode der mange av desse kjøper sin fyrste bil. Det er særskilt positivt at kampanjen også omfattar 2. klasse ettersom dette er siste året på skulen for dei som skal ut i lærlingpraksis. #ErDuSikker? er lagt opp som ein konkurranse der målet er å gje elevane ny kunnskap om trafikk gjennom si eiga deltaking.

For å vinne må elevane samle poeng til sin skule ved å levere ulike oppdrag - til dømes eit bilet fra trafikken eller å svare på ei undersøking. Oppdraga tek lita tid og er enkle å gjennomføre. Dess fleire elevar på skulen som deltek og leverer oppdrag, dess fleire poeng får skulen. Premien er ein konsert, i tillegg til at enkelteleven med flest poeng vinn eit stipend.

Skular over heile landet konkurrerer mot kvarandre om flest mogleg poeng, og skulen med flest poeng etter tre veker vinn hovudpremien, ein konsert med ein kjend artist. I tillegg konkurrerer elevar frå same fylke om å vinne eit individuelt stipend og vekepremiar. Stipendet kan nyttast på føraroplæring, reise eller kjøp av sykkel.

Det er kostnadsfritt for skulane å delta, og konkurransen tek lita eller ingen tid frå undervisninga. Trygg Trafikk har etablert ei eiga heimeside for konseptet: <http://erdusikker.tryggtrafikk.no/>

I 2017 gjennomførte TØI ei evaluering av tiltaket #ErDuSikker? og skriv m.a. følgjande:

*Vi fant en signifikant endring for testgruppa målt opp mot kontrollgruppa på kunnskap om refleksbruk. På spørsmål om uoppmerksomhet og noen spørsmål om å si ifra om trafikksikkerhet var tendensen positiv ved at testgruppa sa ifra mer etter å ha deltatt i #EDS. Samtidig var test- og kontrollgruppen forskjellige i førsituasjonen. Det gjør at vi ikke kan konkludere rundt effektene vi fant på å si ifra. Dette skyldes antagelig naturlig variasjon. Stort sett rapporterer elevene svært trafikksikker atferd, med god bilbeltebruk og generell oppmerksamhet i trafikken.*

*Alt i alt ser det ut til at et tiltak slik som #EDS har enkelte effekter på ungdoms trafikksikkerhet. Disse er vanskeligere å finne på spesifikke typer atferd, og særlig der ungdommen er flinke fra før, slik som på setebeltebruk og oppmerksamhet i trafikken. Kunnskap om bruk av refleks viste seg å forandre seg til det bedre som følge av #ErDuSikker?*

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

For å skape gode haldningars, og ikkje minst god åtferd i trafikken, må det nyttast ulike kanalar og formspråk. Fleire av dei vidaregåande skulane i fylket har eigne trafikksikringsdagar der elevane får sett blålysetatane i aksjon, og høyre frå dei som har kjent trafikkulukkene tett på kroppen. Å formidle bodskapen gjennom slike arrangement er ein pådrivar til å få elevane til å verte meir merksam på trafikk og trafikkulukker. Samstundes er dette i mange tilfelle ein vegskommunikasjon, der elevane er tilskodarar / -høyrarar. Prosjektet #ErDuSikker? engasjerer på ein annan måte og får elevane til sjølv å ta del i prosjektarbeidet, og i tillegg vert det eit engasjement over eit lengre tidsrom. Generelt er det vanskeleg å dokumentere effekten av opplæringstiltak, men dei positive effektane som er målt av TØI viser at #ErDuSikker? kan vere eit godt tiltak for målgruppa. Ut i frå årshjulet til eit skuleår høver vekene november bra som eit kampanjetidspunkt.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan #ErDuSikker? vere eit lærerikt og tenleg konsept å introdusere på fleire av skulane i Hordaland i 2018. Skulane og samansetjinga av elevar er svært ulik, og kunnskapsbehovet om trafikktryggleik varierer. Medan det på nokre skular er mange elevar med eigne bilar og mykje køyring både kvardag og helg, er det på andre skular få bilistar, men heller eit større fokus på trafikk i bymiljø. I tillegg kjem russefeiringa med stor grad av fokus på russebilar og -bussar. Å vere med å bidra til auka kunnskap og meir bevisstgjering om trafikktryggleik hjå elevane sjølv, vil etter fylkesrådmannen sitt syn vere ei god investering.

I 2017 deltok tre skular i tillegg til ein testskule. Det er uvisst kor mange det er realistisk å få med i 2018, men sidan det ikkje er store kostnadsforskjellar på om få eller mange skular deltek, tilrår fylkesrådmannen at det vert lagt opp til langt fleire skular i 2018 enn i 2017. Fylkesrådmannen foreslår dermed å invitere alle dei vidaregåande skulane i Hordaland, og ta inn dei skulane som melder interesse.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har #ErDuSikker? vore eit godt tilbod for skulane som har delteke. Dette vert mellom anna grunngjeve med dei signifikante funna TØI melder om, i tillegg til låge kostnader for gjennomføring. Ettersom tiltaket er utarbeida og vert styrt av Trygg Trafikk er det avgrensa kostnader knytt til prosjektet for fylkeskommunen. I hovudsak er det snakk om midlar til premiar og materiell. For at Hordaland skal kunne delta i 2018 bør rekruttering av skular starte før sommaren, mens konkurransen vert gjennomført 5.-23. november.

Vedlegg: Transportøkonomisk Institutt (TØI): Evaluering av #ErDuSikker? 2017